



Statens vegvesen

Reguleringsplan for fv. 48 Skånevik – Flesjo, Etne kommune



Kostnadsoverslag

6. februar 2019

Fylke: Hordaland
Kommune: Etne
Vegnr: Fv. 48
Meter frå-til 0,00 – 2500
Vegnavn: Skånevikvegen
Stad: Skånevik sentrum – Flesjo
Plannivå: Reguleringsplan
Prosjekteigar: Statens Vegvesen, plan og forvaltning Voss & Hardanger
Konsulent: Multiconsult AS

Forord

Planområdet gjeld utbetring av fylkesveg 48 mellom Skånevik (Prestevågen) og Flesjo i Etne kommune. Strekinga er definert som øvrig fylkesvegnett og prosjektet er oppført som vegutbedringsprosjekt (planlegging) i Hordaland fylkeskommune sitt plan og byggeprogram for 2016. I samhandling med HFK er det beslutta ferdigstilling av planprosjektet. Prosjektet har så langt ikkje løyving i RTP investeringsprogram 2019-2029.

Eksisterande strekning mellom Prestevågen til Nesvågen (etappe 1) har en lengde på ca. 1500 meter og manglar gul midtlinje. Vegen har dårleg kurvatur med sidebratt terreng. Det er spreidd bebyggelse, delvis tett inntil vegen. Strekinga har ikkje fortau eller gang- og sykkelveg. Fartsgrensa er 50 km/t med en ÅDT på 1000 (NVDB 2015).

Strekinga frå Nesvågen til Flesjo (etappe 2) har en lengde på ca. 800 meter. Vegen er smal og manglar gul midtlinje. Den har dårlig horisontalkurvatur med eit utfordrande terreng som er sidebratt med urer på begge sider av vegen. Strekinga har stadvis rasfare. Det er lite bygningar langs vegen som har generell fartsgrense. ÅDT er på 900 (NVDB 2015).

Oversiktskart



Prosjektinformasjon

Teknisk beskrivelse av prosjektert veg

Det er naturlig å dela prosjektet inn i 2 etappar. Dette vil kunne gje nokon utfordringar i høve massebalansen i prosjektet, men er vurdert som hensiktsmessig

Etappe 1 Skånevik – Nesvågen

Fra pel 0 Skånevik sentrum til pel 400 er vegen prosjektert som miljøgate med fartsgrense 30 km/t. Vegen har varierende vegbreidde fra 5-6 meter med fylling 1:1,5 etter fortauet og med grøfteprofil på 1,5 meter mot fjellskjæring.

Fra pel 400-1250 har vegen en breidde på 6 meter inkl. skulder og 2,5 meter fortau. I profil 150 er det verneverdig bygg som ligg heilt inntil vegen og kan ikkje bli berørt av tiltaket. I profil 210 - 260 er vegen snevra inn for å hindra rivning av ein einebustad. Fortauet er prosjektert i full breidde ved innsevinga. Fra pel 250 - 350 er det bustader som ligg tett innpå vegen. nokon av desse er gamle og anleggsgjennomføringa må ta hensyn til dette. Ved pel 650 er det ei løe som skal rivast. Ved pel 800 er det en garasje som må rivast.

Strekninga har nokon store fyllingar med mur i enden mot sjøen og skjæringar mot aust. Enkelte avkjørsler skal samlast til felles avkøyrslar for fleire eigedomar.

Det kjem nytt kryss til Ytranesvegen og Nesvågen med to nye busslommer. I dette området er det et juv som kan fyllast opp med masser fra dei planlagte skjæringane. Dette området er også tenkt som riggområde i anleggsperioden.

Etappe 2 Nesvågen - Flesjo

Her blir total vegbreidde inkl. skulder og rekkverk er 7,25 meter. Fyllingane er lagt inn med en skråning på 1:1,5, og grøfteprofilet har en totalbreidde på 5,5 meter.

På denne strekninga er det fleire høge skjæringar som har ein høgde på opptil ca. 30 meter. Det er planlagt sikringstiltak for ras og det må også leggast inn sikring mot isnedfall. På denne strekkingen er ny veg planlagt med ein anna vertikalgeometri enn eksisterande veg, dette kan gjere anleggsgjennomføringa noko meir utfordrande. Det er regulert inn gode anleggsbelter for å sikre anleggsgjennomføringa. På strekninga ligg eit freda kulturminne som Hordaland fylkeskommune har gitt klar beskjed om at ikkje må rørast i anleggsgjennomføringa. Det er naturleg at ein baserer seg på ein trafikkavvikling med varsla stengingar. Det er her viktig at en førebur fyllingsområda først, slik at stengingar stort sett blir nytta til sprengning og masseflytting og at en dermed kan utnytta ein eventuell massebalanse utan å køyre massar til mellomagring i deponi.

Utfordringar

Det er ikkje gjennomført prøvar av fjell så vi veit lite knytta til geologi. Det er heller ikkje gjennomført geotekniske undersøkelser av grunnen. Dette utgjer ein risiko for usikkerhet i prosjektet. Det er ikkje kartlagt kablar og leidningar i grunnen samt luftleidningar, noko som gjer ein usikkerhet knytta til prissetting. Det vil vere utfordringar knytta til eksisterande murar og konstruksjonar samt fundamentering og plassering av nye murar. Det kan bli store utfordringar med trafikkavviklinga i anleggsfasen i tillegg til støy og støv. Handtering av overvatn, spesielt ved skjæringen må håndterast i anleggsperioden. Andre utfordringar er riggområder, deponi, masseberekningar kontraktstrategi, utrusting av haldeplassar og masseberekningar.

Status

Reguleringsplanen er snart klar for offentlig høyring. Planprosjektet er sett på vent til endeleg vedtak på fråviksøknad frå Hordaland Fylkeskommune.

Kostnader

Anslag på prosjektet utført 6. februar 2018

Etappe 1

63 – 77 mill kroner:

52% sannsynleg at kalkylen ligg mellom dette.

Etappe 2

150 – 184 mill kroner

53% sannsynleg at kalkylen ligg mellom dette.

PeI 210 – 260

Innløysing av eigedom, riving og sanering bustadhus, levering til miljøsentral, og full breidde på veg (ein gjer merksam på at huset ikkje er taksert)

Grovt anslag på ca 5 mill kroner.

Kostnad etter utsettingsvedtak / førespurnad MISA i høve fråviksøknad